


SKJELPRØVAR 2020

Fylkesmannen har oppmoda alle som fangar **laks** og **sjøaure** om å ta skjelprøvar av **all fisk over 0,5 kg**. Skjelprøvetakinga vert organisert av *Rådgivende Biologer AS*.

Skjel er "ferdsskrivarar" til fisken og dei gjev mykje informasjon. Ein kan sjå kor gammal fisken var då han gjekk ut frå elva, kor mange år han har vore i sjøen, og ein kan rekna ut fisken si lengd ved ulike aldrar. Skjellesing er den enklaste metoden for å skilja villaks og rømt oppdrettslaks, og ein kan også bruka skjelprøvar til å gjera genetiske analysar.

Skjelprøven skal takast på sida av fisken, over sidelinja, mellom rygg- og feittfinne (**jf. figur**). Skrap først av slimet med ein kniv, tørk av kniven og risp så med knivbladet i retning framover på fisken. Få med mange skjel, minst 20 stk. Stikk knivbladet ned i skjelkonvolutten, knip konvolutten fast til kniven og dra kniven ut. Dersom fisken skal setjast attende i elva, må 4-5 skjel nappast varsamt ut med ei smal tang e.l.

Fyll ut flest mogeleg av rubrikkane på konvolutten, alle opplysingar som vert oppgitt er av stor verdi. Mål lengda på fisken frå snute til spissen på sporden når den ligg naturleg utstrekt (**jf. figur**).



NB! Oppbevar skjelkonvolutten luftig, slik at prøven får tørka skikkeleg opp.

Vi treng skjel frå så mange fisk som mogeleg, både villaks, oppdrettslaks, sjøaure, regnbogeare og pukkellaks. Dersom du finn fisk som er merka, må desse fiskane også takast prøve av, samstundes som opplysingane om merkenummer returnerast til rette instans (står på merket). Noter også merkenummer på skjelkonvolutten. Bruk eventuelt baksida av konvolutten til slike og andre merknader.

Legg konvolutten i innsamlingsboksar ved elva for felles innsending, eller direkte i frankert konvolutt. **Ikkje** legg skjelprøven direkte i postkassen, sjølv om adressa står bakpå.

Resultata frå skjelanalysane vil bli meldt attende til dei som organiserer fisket i vassdraget innan neste fiskesesong.



Rådgivende Biologer AS
Edvard Griegs vei 3, 5059 Bergen

Tlf.: 55 31 02 78
E-post: post@radgivende-biologer.no
www.radgivende-biologer.no